

Prioriteringslista for skulane godkjent

25.04.2008

Kommunestyret har slutta seg til prioriteringslista frå utvalet for vurdering av skuleanlegga i kommunen og slår fast at i det vidare planarbeidet skal nye Sætre skule, Rosendal ungdomsskule og Underheim skule ha topp prioritet.

Deretter kjem Uskedalen oppvekstsenter og Omvikdalen oppvekstsenter, Det heiter også i vedtaket at det ved planlegging av tiltak ved kvar einskild skule i nødvendig grad skal takast omsyn til dei merknader ein har motteke. Prioriteringslista blir å justere i nødvendig grad når vedtak om ny skulestruktur ligg føre.